

NORNA-rapporter 93

Navn og navnebærer

Rapport fra NORNA's 45. symposium
i Skagen 1.-4. oktober 2014

Redigeret af
Martin Sejer Danielsen, Birgit Eggert
og Johnny G.G. Jakobsen

With summaries in English or German

NORNA-förlaget
Uppsala 2016

NORNA-rapporter 93

Udgivet af Afdeling for Navneforskning, Nordisk Forskningsinstitut, Københavns Universitet i samarbejde med NORNA.

© Respektive forfattere 2016

ISSN 0346-6728

ISBN 978-91-7276-093-6

Sat med Verdana

Grafisk opsætning: Redaktionen

Omslag: Katrín Driscoll

Omslagsbillede: Martin Sejer Danielsen

Udgivet som internetpublikation på adressen:

nfi.ku.dk/publikationer/webpublikationer/norna-rapporter-93

För bedömning av manuskript till bidrag i NORNA-rapporter
anlitas även utomstående vetenskapliga granskare.

Abstract

Navn og navnebærer. Rapport fra NORNA's 45. symposium i Skagen 1.-4. oktober 2014. Redigeret af Martin Sejer Danielsen, Birgit Eggert og Johnny G.G. Jakobsen (Name and Name bearer. Proceedings from The 45th NORNA Symposium in Skagen, 1-4 October 2014. Edited by Martin Sejer Danielsen, Birgit Eggert, and Johnny G.G. Jakobsen). *NORNA-rapporter* 93. 327p. Uppsala 2016. ISBN 978-91-7276-093-6.

The 45th NORNA symposium was held in Skagen in North Jutland, Denmark, from the 1st to the 4th of October 2014. The symposium was arranged by the Name Research Section at the Department of Nordic Research at the University of Copenhagen. Personal names, place-names, and urban names connected to the symposium theme "Name and name bearer" were discussed by the 25 participants from Denmark, Finland, Norway and Sweden. The symposium proceedings contain 14 of the 18 congress papers.

Keywords: NORNA proceedings, proper names, onomastics, name research, place-names, personal names, names and gender, linguistic landscapes, names in archaeology, names and legends.

Oppkallingsnamn

GUDLAUG NEDRELIÐ

Innleiing

Det er mange, og kanskje fleire samverkande grunnar samstundes, til at namn er «båret til andre lokaliteter end hvorfra de oprindelig udsprang» (nett: Navn og navnebærer). Her skal det presenterast nokre spreidde døme på slike overførte stadnamn, av typen mikrotoponym, med særleg vekt på motivasjonen for å bruka eksisterande namn på nye lokalitetar. Forforståinga er at slik namneoverføring kan gje noko innsyn i namngjevingsprosessen.



Figur 1: Haugesmuget i Gardsgrendi. Bilete: Gudlaug Nedrelid 2014.

GUDLAUG NEDRELIÐ

Biletet ovanfor viser Haugesmuget i Gardsgrendi, Jostedal. Den gongen namnet vart sett på, i 1967, var ikkje vegen til venstre ein køyreveg, men ein nylaga gongeveg som førde dei som kom or Gardshaugen (til dagleg berre Haugen), den korte mòlen frå gamlevegen og nedpå den nye køyrevegen på Garden (Nedreli, NG 12 s. 3), som altso kom i 1967 (Øyane 1994 s. 253). Då laga dei i Haugen seg ein liten sneiveg for å koma seg fortast og enklast mogeleg nedpå bilvegen. Kåre Gardshaug (kjend som Kåre i Haugen, jf. Nedreliid 1998 s. 199) sa då, med eit smil, at dei i Haugen hadde snakka om at denne nye vegstuppen kunne få heita Haugesmuget. Og det har han so gjort sidan, ogso etter at han vart oppgradert til køyreveg i 1975 (Øyane 1994 s. 253). (I den lokale dialekten blir alle vegar og stigar kalla *veg*, anten dei er køyrbare eller ikkje. Me seier jamvel *veg* om dyrespor, *haraveg*, *hjortaveg*, *røvaveg*). Til kvardags seier me i grenda ofte berre Smuget.

Namnet Haugesmuget er påfallande på fleire måtar. For det fyrste har bindevokalen «feil» kvalitet. Det heiter «Hauga-vegen», «Hauga-karane», «Hauga-beisti», «Hauga-ungane» og alle andre tenkelege samansetningar med Haug- som fyrsteledd, med klår og tydeleg /a/. For det andre er ikkje sisteleddet brukt i stadnamn på våre kantar. Me gjer nok ting i smug, men der som det er tront, heiter det eit smott, evt. ei geil eller eit klype. Og i Haugesmuget i Orkelausteigen i Gardsgrendi er det ikkje ein gong smalt. Når innbyggjarane i Gardsgrendi likevel tykte at Haugesmuget var eit godt og høveleg namn på den nye delen av Haugavegen, var det fordi me alle hadde slektfolk i Bergen, og me kjende til ho Anne som budde i Haugesmuget. Namnet er med andre ord eit oppkallingsnamn.

Haugesmuget i Bergen er på Nordnes: «*Haugesmuget ble fra 1948-1993 [...] kalt Haugesmauet. Det går fra krysset Haugeveien/ Finvaldsmuget til Nykirkeallmening[. Navnet] ble vedtatt i 1881.*» (nett: Haugesmuget).

OPPKALLINGSNAMN



Figur 2: Haugesmuget i Bergen. Bilete: Odd Einar Haugen 2014.

Oppkallingsnamn

Oppkallingsnamn står i eit særleg forhold til eit namn som er i bruk frå før (basisnamn, jf. Rentenaar 1996 s. 1013 ff.) på den måten at det anten gjentek namnet, eller på ulike måtar assosierer til namnet. Haugesmuget i Gardsgrendi gjentek gatenamnet i Bergen, og alle i brukarkrinsen har kjennskap til gatenamnet og assosierer til det. Det får ein lett humoristisk effekt, for som fyrste biletet viser, har vegstubben gjennom skogen lite bymessig preg, og hadde det endå mindre i 1967 då namnet vart påsett. Men me ser eit tydeleg døme på det Rentenaar kallar «Toponymische Nachbenennung», eller som det er formulert i innbydinga til NORNA-symposiet om «Navn og navnebærer», det at «stednavne kan blive båret til andre lokaliteter end hvorfra de oprindelig udsprang» (nett: Navn og navnebærer). Søk på *oppkallingsnamn* og *-navn* gjev ikkje treff i handordbøkene (nett: Nynorskordboka og Bokmålsordboka). Derimot står *oppkallingsnamn* i Norsk Ordbok (8 s.).

GUDLAUG NEDRELIÐ

832), «namn som er gjeve med oppkalling», med tilvising til Indrebø 1928 («Th. Petersen derimot trur ikkje at desse gardsnamni er oppkallingsnamn, og at dei kan læra oss noko um kor gamalt bynamnet Trondheim er», Indrebø 1928 s. 26) og Schmidt 2005. I Riksmålsordboken står *opkalde*, «la få navn etter», med sitat frå kjende forfattarar som Hamsun «opkaldt etter morbrorn», og Ibsen «en gade oppkaldt etter mig», men ikkje **opkaldsesnavn*. *Uppkallelsenamn* står i Svenska akademiens ordlista (nett: SAOL). I Ordbog over det danske Sprog får me nøya oss med verbet *opkalde*, bet. 4.2:

især i forb. m. præp. efter: lade en (noget) faa navn efter en anden (noget andet), i ihukommelse af en (noget) lade døbe med dennes (dettes) navn; især: døbe et barn med en ældre slægtnings navn. *Høysg.S.272.* Forfatteren har opkaldt sit Lystspil efter den gamle Folkebog. *Oehl.Tieck.II.375.* Som Hovedregel gjaldt, at Barnet burde opkaldes efter en afdød Slægtning. *TroelsL. VIII.154.* Det under Bygning . . værende nye Skib . . er bleven opkaldt efter Selskabets første Skib "Skandia". *BerlTid.⁴/4 1905.M.2.sp.4. jf.: *Vi efter Dig (dvs.: Kristus) dem (dvs.: børnene) her (dvs.: under daaben)* opkalde. *Grundtv.SS.I.645.* (nett: ODS)

I artikkelen her ser me døme som namn på litterært verk, barn og skip. I Tom Schmidts fagordliste står *oppkallingsnamn/-navn* som oppslagsord, med to forklaringar, «[n]amn som er lånte frå andre stader» og «[n]amn på (som regel) mindre lokalitetar som er overtekne frå større lokalitetar like ved; ofte frå namnet på den mindre lokaliteten ei sekundær utmerking, *Vesle-*, *Litle-* t.d., sett til føre primærnamnet» (1985 s. 100). Schmidt har berre med stadnamn som døme her, dvs. «[t]oponymische Nachbenennung» i Rentenaars framstilling (1996 s. 1013). Men i verket *Namenforschung* (Eichler 1996) finn me «Nachbenennung» omtalt i underavdelingane «Namenpragmatik» (Kühn 1996 s. 519), «Historische Entwicklung der Namen» (Schmitt 1996: 628 og 883), «Namen in Sprachkontakt» (Rentenaar 1996 s. 1013 ff.), «Personennamen: Einzelnamen und Vornamen»

OPPKALLINGSNAMN

(Tiefenbach 1996 s. 1200), og «Namen und Geschichte» (Geuenich 1996 s. 1723).

Me kan slå fast at oppkallingsnamn finst i alle kategoriar, stadnamn, personnamn og det me plar kalla «andre namn». Stadnamn kan vera oppkalla med heile namnet (*Paris, Texas* og *Potsdam, Missouri*, jf. Gasque 2014) eller heile namnet med eit forklarande tillegg (til dømes *Ny Ålesund* på Svalbard). Dessutan finst det stadnamn der delar av namnet minner eller heidrar personar (bynamn og gatenamn over heile verda, som *Kristiansand*, *Tordenskjoldsgate*), sokalla memorialnamn: «Memorialnavn, navn brukt på gater, plasser o.l. for å hedre kjente personer eller personer med historisk tilknytning til stedet, f.eks. Fridtjof Nansens gate, Dorthe Engelbretsdatters plass» (nett: Store norske). Bent Jørgensen skriv at «langt de fleste gadenavne har en vis minde- eller memorialværdi, idet de frembærer minder om f. eks. en nedrevet villa, en gammel landsby eller en forlängst afdød grundejer» (1970 s. 58). Men han innskrenkar termen til berre å gjelda «navne, der fra starten har skullet bringe et minde videre». Det kan diskuteras om memorialnamna eigentleg er oppkallingsnamn. Det fungerer tvillaust slik i standardspråket, jf. Ibsen-sitatet i Riksmalsordboken og forklaringa i Store norske ovanfor. Bent Jørgensen skriv om Emilsvej og Knudsvej «der er opkaldt efter den lokale bryggers børn» (1970 s. 64). På liknande vis kan mikrotoponym ha namn på folk og dyr som fyrsteledd (*Rasmusåkeren*, *Gullsihola*, jf. Nedrelid 2010 s. 64 f.).

Oppkallingsnamna i stadnamnkategorien kan vera offisielle, som til dømes *Potsdam, Missouri* (Gasque 2014) eller uoffisielle, som *Leninhøyden* («her poserer han på Leninhøyden, Bergens berømte campus», bilettekst frå Aftenposten 14/8-2014, nett: Steinfeld) og *Bangla (Desh)* i Bergen. Utestaden er skildra i Ingvar Ambjørnsens roman Hvite niggere (1986 s. 289 f., 326). «Bangla, eller Skippers Pub som stedet egentlig het, hadde åpent en time lenger enn de litt 'penere' stedene» (nett: Holbergstuen s. 55 f.). *Kongo*

GUDLAUG NEDRELIÐ

og *Chicago* er vanlege som uoffisielle grendenamn og bydelsnamn mange stader, og dei har ofte kome opp på grunn av slagsmål og spetakkel. Uoffisielle namn kan seinare bli offisielle, eller i det minste halvoffisielle, som *Port Arthur* i Åbo (nett: Uppslagsverket Finland) og *Grønland* i Tórshavn (nett: Tórshavn byleksikon, Mosaikk).

Personar kan vera oppkalla etter andre personar med heile namnet (fullnamns-oppkalling), delar av namnet (movering) eller berre framlyden (føretekststavsoppkalling, jf. Aune 1981, Nedrelið 2005). Personar kan vera oppkalla etter slektningar (uteljande døme, i mange kulturar), eller etter kjende personlegheiter (*Martin Luther King*), sokalla idolnamn. «Man kan også opkalde sine børn efter idoler, og man hører tit om børn der er opkaldt etter personer i bøger, film og TV-serier» (Meldgaard 1998 s. 25). Personar kan også vera oppkalla etter stader (*Paris Hilton, Nyørk-a*). Siri Tøgersdotter, enkja etter den første sjølveigaren på Grov, bruksnummer 3, «også kalla Nyørk» (Øyane 1994 s. 871), er kjend i folketradisjonen som *Nyørka* (munnleg opplysning frå Alvhild Nedrelið, f.1920, juli 2014). Ogso slike namn kan vera offisielle (*Paris Hilton*) og uoffisielle (*Nyørk-a*).

I klassen «andre namn» finst det namneberarar av svært mange ulike kategoriar, husdyr, skip, lokomotiv, fly, boreplattformer osv., som har vore og er oppkalla etter like mange ulike kategoriar av namneberarar, som kua *Maradonna* (truleg fordi ho sparka, Kårbø og Kruken 1991 s. 58), oksen *Rosevelt* som var rosut, dvs. tofarga. Han fekk namnet på den tid Roosevelt var amerikansk president (munnleg opplysning frå Alvhild Nedrelið, f. 1920, juli 2014), katten *Chagall* (Leibring 2012 s. 146), flyet *Harald Gille*, det fyrste som vart kapra i Noreg (nett: Flight 139), damplokomotivet *Dovregubben* (nett: NSB type 49), skip som *Sir Charles Hambro, Eidsvold, Skibladner*, boreplattforma *Aleksander Kielland* osv. (jf. Johannessen 2005, 2008, 2009, 2013). Her er det nesten berre fantasien som set grenser. Ogso her er det både offisielle namn, td. namn på

OPPKALLINGSNAMN

skip, døypte med høgtideleg seremoni og innførde i offentlege register, og uoffisielle namn som namn på kjæledyr (jf. Leibring 2009, 2012), småbåtar (Rogan 1991, 1994) og privatbilar.

Minimaterialesamling

Her blir det drøfta ein handfull stadnamn av typen mikrotoponym, som er oppkalla etter andre stadnamn, med særleg vekt på motivasjonen for å ta i bruk eksisterande stadnamn på nye lokalitetar. Det er berre teke med oppkalling med heile namnet, ikkje relasjonsnamn som td. *Vitle-Liastølen* (Nedrelid 2010 s. 65 f.). Namnet *Vitle-Liastølen* er eit resiprokerande namn, jf. Bent Jørgensens definisjon: «bestemte dele af visse stednavne alene tjener til at adskille dette fra et andet, eventuelt flere andre *stednavn(e)*, der bortset fra netop den udanalyserede, reciprokerende del er identisk(e) med det stednavn, der har dannet udgangspunkt for udanalyseringen» (1977 s. 11).

Fyrst blir det presentert fire døme på mikrotoponym frå matrikkelgarden Nedreli rangerte etter alder, frå det yngste til det mulegvis eldste, nemleg *Haugesmuget*, som alt er omtalt ovanfor, *Grekenland*, *Hollekvéi* og *Jeriko*. Deretter fylgjer to døme på uoffisielle husnamn andre stader i bygda, *Karistova* og *Jan Mayen*.

Grekenland er namnet på ein slåtteteig som no er attvaksen med lauvkjørrar og krattskog. Medan familien til artikkelforfattaren slo graset og heldt teigen open, likna fasongen tydeleg på kartet over Hellas. Det tidlegare engstykket er relativt breitt øvst, deretter blir det svalendt lenger ned, med små tørler og torver strødde nedover svaet, som øyriket i det sørlege Hellas. Folk må ha sett kart før det namnet har kome opp. Det er ikkje lett å finna ut når det kom Europa-kart i skulane i bygda. Men Lars R. Nedrelid (1883–1952) gjekk fyrst på Helgheim (folkehøgskulen i Sogndal), og deretter på lærarskulen på Stord, der han vart uteksaminert i 1906 (Bakke 1952 s. 937). Det er rimeleg sikkert at det er

GUDLAUG NEDRELID

han som har funne på namnet (munnleg tradisjon i familien til artikkelforfattaren).

Hollekvéi [hodlekvé:i] er oppkalla etter gardsnamnet i Sogndal (NG 12 s. 93), fordi han som dyrka opp teigen hadde vore på garden Hollekve i Sogndal og snakka mykje om det (munnleg tradisjon etter John Nedrelid, 1905-1985.) Den aktuelle personen levde mellom 1784 og 1849 (Øyane 1994 s. 875), og namnet vart påsett på hans eldre dagar, det var då han var der og utførde arbeidet.

Jeriko er ein liten åker med murar rundt, på bruksnummer 2. Husmannsplassen Halveg, som vart frådelt som bruksnummer 2 i 1930, vart oppdyrka på 1790-talet (Øyane 1994 s. 260 f.), men kor gamal åkeren er, og dermed namnet, er uvisst. Det kan ha vore der heilt frå plassen vart rudd og bygd seint på 1700-talet. Soga om murane rundt Jeriko (Jos. kap. 6) har vore kjend, folk i Gardsgrendi har vore Bibel-lesande og boksjuke i mange generasjonar (jf. Laberg 1948 s. 157, 161).

So til husnamna: *Jan Mayen* er eit mindre bruk og heilt uoffisielt namn, og det er kanskje helst å rekna som eit utnamn (namn med nedsetjande meinings, sjå Schmidt 1981 s. 133). Når vulkanøya i Nordishavet vart brukt som namn på eit hus i Jostedalen, var det fordi Jan og Maia budde i huset. Kombinasjonen av førenamna, eller rettare av kortformene til førenamna (Johan og Maria), blei til Jan Mayen på folkemunne. Alle veit kva for eit hus som er Jan Mayen, men namnet er ikkje i alminneleg bruk, og derfor er det heller ikkje nemnt i bygdeboka (Øyane 1994).

Karistova er huset som Kari og Melkior Fossen bygde i 1943. Tomten vart utskilt frå Sperløyane (Øyene, Sperle, bruksnr 3) i 1947 og vart matrikulert som bruksnr 8 Tunøy. Men det namnet vart aldri stort meir enn eit papirnamn. Melkior døydde i 1960, og Kari budde i stova si so lenge ho levde, til 1993 (Øyene 1994 s. 197). Namnet Karistova kom opp medan ho budde der åleine, og det har halde seg sidan.

OPPKALLINGSNAMN



Figur 3: Karistova i Fossøyane. Bilete: Peter Trøst Jørgensen 2005.

Føreleddet er identisk med førenamnet til eigaren, namnet ville aldri ha oppstått om ikkje ho Kari hadde butt der, og det går inn i mønstret med *Perstova*, *Olastova* og *Signestova* i same grenda. So kvifor då ta det med her? Fordi det også er oppkalling, nemleg etter turisthotellet Karistova på Utvikfjellet i Nordfjord:

Bygginga av Karistova på Utvikfjellet starta i 1936, og vart drive som kafé og pensjonat. Kari Sårheim Hegrenes dreiv gjestgjevarstaden frå starten til ho døydde i 1989. Etter ein brann på 1960-talet vart noverande hotell reist. (nett: Karistova).

Alle i bygda kjenner til hotellet Karistova, somme kvinner har jobba der i yngre dagar, og på 60-talet var jamvel nokre kvinner or bygda på Karistova på husmorferie. Derfor assosierer me i brukarkrinsen til det for oss kjende hotellet når me brukar husnamnet, og derfor kan også Karistova i Fossøyane reknast som eit oppkallingsnamn. Det er kanskje òg ein grunn til namnet slo gjennom. Alle seier Karistova i dag, også eigaren (Alvhild Nedrelid).



Figur 4: Karistova på Utvikfjellet. Bilete: nett: Karistova, attgjeve med løyve frå eigaren, Dina Norheim.

Drøfting

Rentenaar deler valmotiva for oppkallingsnamn i tre hovudgrupper, «Das Verhältnis des Namengebers zur Nachbennungsbasis», «Charakter der Örtlichkeit oder deren Einwohner» og «Die relative Lage der Örtlichkeit», dei to fyrste med undertypar og under-undertypar (1996 s. 1015 ff.). Samanlikningsnamn finn me som ein undertype under type to, «Die äußere Erscheinung oder der Eindruck der Örtlichkeit» (Rentenaar 1996 s. 1016). To av namna hører tydeleg til i denne gruppene, nemleg *Grekenland* og *Jeriko*. Teigen Grekenland likna på landet på fasong, og åkeren Jeriko hadde dei karakteristiske murane.

Ved namna *Haugesmuget*, *Karistova* og *Jan Mayen* er det derimot sjølve namnet som utgjer samanlikningselementet. I *Karistova* er føreleddet lik namnet på eigaren, og i *Jan Mayen* er namnet ein kombinasjon av førenamna til dei som budde i huset. Her er det namnelikskapen som skaper assosiasjonen, og som fører til gjenbruk av basisnamnet på ein ny denotasjon. I *Haugesmuget* er det føreleddet *Hauge-* som passar godt nok med *Haugen* til at det kan brukast. Haugingane smaug seg opp *Haugesmuget*. Dermed kan ein seia at i desse namna er det «Die Qualitet der Örtlichkeit oder

OPPKALLINGSNAMN

deren Einwohner» (type 2 hos Rentenaar 1996 s. 1016) som gjeld, men her er det knapt «Sozio-kulturelle Lage der Einwohner», om me då ikkje tolkar det omgrepet so vidt at det også kan omfatta namnet dei ber.

Namnet *Hollekvéi* er noko vanskelegare å få på plass i Rentenaars typologi. Her er det ikke namngjevarens forhold til namngjevingsbasen, men ein annan person som er bindelekkjen mellom basen og oppkallingsnamnet. Hadde det vore han som dyrka opp teigen som fann på namnet sjølv, hadde det vore «zeitveiliger Aufenthalt des Namengebers oder seines Vertreters» (Rentenaar 1996 s. 1015). Men han namngav ikkje sjølv teigen, det var dei han var i hus med, som gjorde det. Dei sette på namnet fordi karen snakka so mykje om Hollekve. Namnet passar kanskje best til typen «Zeitweiliger Afenthalt von neu Angekommenen: Die Namengeber wollte in einem Namen zum Ausdruck bringen, wo die Leute, die sich in seiner Nähe niedergelassen hatten, sich zeitweilig aufgehalten hatten» (1996 s. 1015 f.). Det Rentenaar skriv, gjeld bustadnamn, og her er det tale om eit teignamn. Men den nyss ankomne hadde opphalde seg midlertidig i Hollekve i Sogndal. Han oppheldt seg også midlertidig på Garden (Nedreli), men opphaldet hans i Sogndal lever vidare i eit teignamn her. Oppkallingsnamnet er heilt uforklarleg utan tilhøyrande «Begleitsprosa» (jf. Beyschlag 1953 s. 113).

Her kan ein minna om Karl Rygh, som allereie i 1871 beskrev ulike typar persontilnamn:

Disse tilnavne have oftest hensyn til personens legemlige og aandelige egenskaber, ofte også til en eller anden handling, hvorved han har gjort sig navnkundig, undertiden til hans bopæl eller oprindelige hjemstavn eller også til hans slektsskabsforhold eller stilling, og endelig stundom til mundheld (Rygh 1871 s. V f.).

Når Rygh blir nemnd her, er det fordi kategorien namn som fortel om «en eller anden handling, hvorved han har gjort sig

GUDLAUG NEDRELIÐ

navnkundig» (1871 s. V f.) har ein parallel i mikroponymien. Likskapen er at me må kjenna til den aktuelle handlinga eller hendinga for å forstå slike namn. Dersom me ikkje hadde kjent til innhaldet i Selsbanetåtten i Heimskringla, ville me ha trutt at Asbjørn Selsbane var ein kar som hadde drepe ein sel (Nedrelið 2012 s. 150 f.). Ogsø i mikroponymien finst det mange slike namn som er knytte til hendingar og handlingar, og «endelig stundom til mundheld» (Rygh 1871 s. V f.), og me er sjanselause til å gjennomskoda dei utan kjennskap til dei fortala (korte, munnleg traderte prosastykke) som tidlegare har fylgt med dei.

Mikroponym, personnamn, husdyrnamn og uoffisielle namn på bilar og båtar er alle døme på folkeleg namngjeving. Det er mykje kreativitet i den folkelege namnedanninga, og det er mogeleg å sjå eit felles trekk ved alle desse typane, nemleg humoren. Bjarne Rogan skriv at humoren har ein brei plass i lystbåtnamna, og han gjev mange illustrerande døme på det (1994 s. 87 f.). Mange av døma har eit element av inkongruens, som når småbåtar får humoristiske namn som spelar på namnetypen til supertankarane i Bergesen-rederiet. Noko av den same inkongruensen ligg til grunn i fleire av oppkallingsnamna her. Haugesmuget er ikkje ei gate i Bergen, men ein gongeveg gjennom skogen. Karistova er ikkje eit turisthotell, men eit beskjedent bustadhus. Grekenland er ikkje eit land i Sør-Europa, men ein liten teig på garden Nedreli. Hollekvéi er ikkje ein gard i Sogndal, men ein annan liten teig på same garden.

Rogan skil mellom namn som eigaren har sett på sjølv, og som vitnar om sjølvironi, og namn som er påsette av andre, som uttrykkjer moro på andres bekostning (1994 s. 89). *Jan Mayen* er utan tvil eit døme på eit namn som er av det siste slaget. Det kan ikkje heilt utelukkast at også namnet Hollekvéi har innehalde eit element av erting då det vart teke i bruk. Men det kan også vera stikk motsett. Namnet oppstod fordi han som dyrka opp teigen, skrytta svært av Hollekve, og fortalte for ein grom plass det var. Då kan overføringa av

OPPKALLINGSNAMN

namnet faktisk ha vore meint som ros. Dei andre namna må i alle fall kunna karakteriserast som uskuldig moro.

Referansar

- Ambjørnsen, Ingvar, 1986: Hvite niggere. Oslo.
- Aune, Hallgerd, 1981: Attkallingstradisjonar og namneval i Skaun. I: Ola Stemshaug (red.): Norske personnamnstudiar. Oslo, s. 62–81.
- Bakke, Karl (red.) 1952: Norske skulefolk. Band II. Stavanger.
- Bokmålsordboka: <http://www.dokpro.uio.no/ordboeker.html>, søk på «oppkallingsnavn», september 2014.
- Beyschlag, Siegfried, 1953: Möglichkeiten mundlicher Überlieferung in der Königssaga. I: Arkiv för Nordisk Filologi 68, s. 109–140.
- Flight 139: http://no.wikipedia.org/wiki/Braathens_SAFE_Flight_139, nedlasta september 2014.
- Gasque, Thomas J., 2014: The Effects of the Great War on U.S. Place Names, innlegg halde på den 25. ICOS-kongressen i Glasgow 2014. <http://www.icos2014.com/programme/abstracts/>, nedlasta august 2014.
- Geuenich, Dieter, 1996: Personennamen und Personen- und Sozialgeschichte des Mittelalters. I: Ernst Eichler u.a. (red.): Namenforschung. Ein internationales Handbuch zur Onomastik. 2. Teilband, s. 1719–1723. Berlin – New York.
- Haugesmuget: <http://kunsthistorie.com/fagwiki/Haugesmuget>, nedlasta september 2014.
- Holbergstuen: Holbergstuen. En spesiell restaurant i en spesiell by. https://books.google.no/books?id=W5k_6Vt3JOQC&pg=PA83&lp=g=PA83&dq=holbergstuen:+en+spesiell+restaurant+i+en+spesiell+by&source=bl&ots=SiO9hia_YC&sig=kbusoFfemSBccmrhr4xKC9WqMWQ&hl=no&sa=X&ei=Lh3zVIaENeXXywOU4oGQBw&ved=0CCIQ6AEwAQ#v=onepage&q=holbergstuen%3A%20en%20spesiell%20restaurant%20i%20en%20spesiell%20by&f=false, nedlasta 27/2-2015.
- Indrebø, Gustav, 1928: Nidaros. Oslo.
- Johannessen, Ole-Jørgen, 2005: The Typology of ship names. I: Eva Brylla og Mats Wahlberg (red.): Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences vol. 1. Uppsala, s. 185–195.

GUDLAUG NEDRELID

- Johannessen, Ole-Jørgen, 2008: Skipsnavn i oljevirksomheten. I: Guðrún Kvaran m.fl. (red.): Norræn nöfn – Namn i Norden. Tradition och förnyelse. Handlingar från Den fjortonde nordiska namn-forskarkongressen i Borgarnes 11–14 augusti 2007. (NORNA-rapporter 84). Uppsala, s. 249–260.
- Johannessen, Ole-Jørgen, 2009: Fortuna og Amor. Skipsnavn hentet fra den antikke mytologien. I: Leila Mattfolk og Terhi Ainiala (red.): Namn och kulturella kontakter. Handlingar från NORNA:s 37 symposium i Hapsal den 22–25 maj 2008. (Forskningscentralen för de inhemska språken. Skrifter 5/NORNA-rapporter 85). Uppsala, s. 151–163.
- Johannessen, Ole-Jørgen, 2013: Havdrill og West Venture. Navn og navnestruktur på norske borefartøyer og andre oljeinstallasjoner 1973–2005. I: Zakaris Svabo Hansen m.fl. (red.): Frá Sturlungu til West Venture. Heiðursrit til Anfinn Johansen á 60 ára degnum. Tórshavn, s. 131–141.
- Jørgensen, Bent, 1970: Dansk gadenavneskik. (Navnestudier nr. 9.) København.
- Jørgensen, Bent, 1977: Reciprokering. Studier i indbyrdes afhængighed mellem ældre danske bebyggelsesnavne. (Navnestudier nr. 14.) København.
- Karbø, Asbjørn, & Kristoffer Kruken, 1991: Gullhorn og dei andre. Oslo.
- Karistova: http://www.karistova.no/Stryn_-_Utvikfjellet.html, nedlasta september 2014.
- Kühn, Ingrid, 1996: Decknamen. Zur Pragmatik von inoffiziellen Personenbenennungen. I: Ernst Eichler u.a. (red.): Namenforschung. Ein internationales Handbuch zur Onomastik. 1. Teilband. Berlin – New York, s. 515–520.
- Laberg, Jon, 1948: Jostedal: Ei stutt utgreiding um bygdi og folket der. Leikanger.
- Leibring, Katarina, 2009: Zwartje, Flight of Delight and Chikai. Borrowed names for animals in Sweden. I: S. Embleton e.a. (red.): Names in multi-lingual, multi-cultural and multi-ethnic contact. Proceedings from the 23th ICOS Congress, August 17–22, 2008. Toronto, s. 658–664.
- Leibring, Katharina, 2012: Staffan i den svenska kattnamnsskatten. I: Katharina Leibring m.fl. (red.): Namn på stort och smått. Vänskrift till Staffan Nyström den 11 december 2012. (Skrifter utg. Av Namnarkivet i Uppsala B:12). Uppsala, s. 141–149.

OPPKALLINGSNAMN

- Meldgaard, Eva, 1998: Den store navnebog. København.
Mosaikk: <http://www.elis.fo/Mosaikk.html>, nedlasta 25/1-2015.
- Navn og navnebærer: <http://www.norna.org/?q=content/-symposium45>, nedlasta 9/10-2013.
- Nedrelid, Gudlaug, 1998: Å «kallast» noko og «skriva seg for» eitkvart anna. Om uoffisiell namnebruk i Jostdal, Indre Sogn. I: Gunnstein Akselberg og Jarle Bondevik (red.): Ord etter ord. Heidersskrift til Oddvar Nes. Bergen, s. 196–204.
- Nedrelid, Gudlaug, 2005: Endringar i oppkallingsskikken i eit vestnorsk bygdesamfunn. I: Staffan Nyström (red.): Namnenes dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskar-kongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003. (NORNA-rapporter 80.) Uppsala, s. 217–245.
- Nedrelid, Gudlaug, 2010: Durdeirumpa, Hovudbrotet og andre teignamn i Gardsgrendi. I: Terje Larsen og Tom Schmidt (red.): Botolv onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010. Oslo, s. 59–71.
- Nedrelid, Gudlaug, 2012: Nokre personelege tilnamn i Sverresoga. I: Staffan Nyström m.fl. (red.): Binamn. Uppkomst, bildning, terminologi och bruk. Handlingar från NORNA:s 40:e symposium i Älvkarleö, Uppland, 29/9–1/10 2010. (NORNA-rapporter 88.) Uppsala, s. 145–161.
- NG 12 = Norske Gaardnavne. Nordre Bergenhus Amt. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision at O. Rygh efter offentlig Foranstaltung. Udgivne med tilføjede Forklaringer af A. Kjær. 1919. Kristiania.
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band VIII. Mugg – ramnsvart. 2009. Oslo.
- Norsk riksmålsordbok Bind III. M – studerværelse. 1983. Oslo.
- NSB type 49: http://no.wikipedia.org/wiki/NSB_type_49, nedlasta september 2014.
- Nynorskordboka: <http://www.dokpro.uio.no/ordboeker.html>, søk på «oppkallingsnamn», september 2014.
- ODS = Ordbog over det danske Sprog, <http://ordnet.dk/ods>, nedlasta september 2014.
- Rentenaar, Rob, 1996: Namen im Sprachtausch: Toponymische Nachbenennung. I: Ernst Eichler u.a. (red.): Namenforschung. Ein internationales Handbuch zur Onomastik. 2. Teilband. Berlin – New York, s. 1013–1018.

GUDLAUG NEDRELID

- Rogan, Bjarne 1991: Oskar og Gaa paa, Vanntrivsel og Svigermors drøm. Norske lystbåtnavn i går og i dag. I: Norsk sjøfartsmuseums årbok, s. 59–103.
- Rogan, Bjarne, 1994: Navn eller nummer? Motiver for navngiving av ting. I: Kristinn Jóhannesson m.fl. (red.): Övriga namn. Handlingar från NORNA:s nittonde symposium i Göteborg 4–6 december 1991. (NORNA-rapporter 56.) Uppsala, s. 81–100.
- Rygh, Karl, 1871: Norske og islandske tilnavne fra oldtiden og middelalderen. I: Indbydelses-skrift til den offentlige Examen ved Throndhjems Katedralskole i Juni og Juli 1871. Throndhejm, s. V–X.
- SAOL: http://www.svenskaakademien.se/svenska_spraket/svenska_aka demiens_ordlista/saol_pa_natet/ordlista, nedlasta september 2014.
- Schmidt, Tom, 1981: Fagordliste for norsk namnegransking. Oslo.
- Schmidt, Tom, 2005: Nøvn austa åsen. Bustadnamn i Øystre Slidre. Oslo.
- Schmitt, Rüdiger, 1996: Entwicklung der Namen in älteren indogermanischen Sprachen. I: Ernst Eichler u.a. (red.): Namenforschung. Ein internationales Handbuch zur Onomastik. 1. Teilband. Berlin – New York, s. 616–636.
- Steinfeld: http://www.aftenposten.no/amagasinet/Det-var-altsa ikke-kongen-som-var-dod_-det-var-bare-jeg_-NRK-medarbeider-Steinfeld_-som-hadde-fatt-ny-jobb-7680829.html.
- Store norske = Store norske leksikon, <https://snl.no/>, nedlasta september 2014.
- Svenska Akademiens ordlista, nettversjonen: http://www.svenskaakademien.se/svenska_spraket/svenska_aka demiens_ordlista/saol_pa_natet/ordlista.
- Tiefenbach, Heinrich, 1996: Geschichtliche Entwicklung der Vornamen als Beispiel eines Sprach- und Kulturbereichs. I: Ernst Eichler u.a. (red.): Namenforschung. Ein internationales Handbuch zur Onomastik. 2. Teilband. Berlin – New York, s. 1198–1203.
- Tórshavn byleksikon: <http://www.torshavn.fo/get.file?ID=426>, nedlasta september 2014.
- Uppslagsverket Finland: <http://www.uppslagsverket.fi/bin/view/-Uppslagsverket/Aabo>, nedlasta september 2014.
- Øyane, Lars E., 1994: Gards- og ættesoge for Luster kommune. Band V – Jostedal sokn. [Oslo/Gjøvik].

OPPKALLINGSNAMN

Aasen, Ivar, 1977: Norsk Ordbog med dansk Forklaring. Femte Udgave. Oslo.

ZUSAMMENFASSUNG

Nachbenennungen

Von Gudlaug Nedrelid

Nachbenennungen stehen in einem besonderen Verhältnis zu einem Namen, der schon in Gebrauch ist (Basisname, vergl. Rentenaar 1996 s. 1013 ff.) in der Art und Weise, dass sie entweder eine Wiederholung des Namens sind oder auf verschiedene Weisen mit dem Namen assoziiert werden. Nachbenennungen finden wir in allen Kategorien, Ortsnamen, Personennamen und in der Kategorie, die gewöhnlicher Weise „übrige Namen“ genannt wird.

In diesem Beitrag werden sechs inoffizielle Namen (Flurnamen und Hausnamen), die Nachbenennungen sind, diskutiert, da solche Namen dabei helfen können, den Namengebungsprozess zu beleuchten. Gemeinsam für jene sechs Namen ist die Inkongruenz im Verhältnis zu den Basisnamen. Die Inkongruenz ergibt eine humorvolle Wirkung, etwas, das in volkstümlicher Namengebung üblich ist. Nur ein, höchstens zwei der sechs Namen können zu bösartigem Humor gerechnet werden. Der Rest der Namen drückt harmlosen Spaß aus.

Gudlaug Nedrelid
Institutt for nordisk og mediefag, Universitetet i Agder
gudlaug.nedrelid@uia.no